

Møteprotokoll

Utval: Rådet for eldre og mennesker med nedsett funksjonsevne
Møtestad: Møterom formannskap
Dato: 10.06.2025
Tid: Kl. 10:00 – 11:00

Møteleiar:	
Andre møtande:	Rune Thorsnes

Medlemer: Parti
Liv Kristine Solheim
Atle Lerpold
Magnar Fleten
Ragnfrid Hatlem
Bjarte Hovland
Torunn Haukøy – obs.

Merknader:
Ikkje møtt:
Liv Kristine Solheim
Atle Lerpold
Bjarte Hovland

Underskrifter:

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
25/011	Godkjenning av innkalling
25/012	Godkjenning av sakliste
25/013	Godkjenning av protokoll frå førre møte
25/014	Referat- og orienteringssaker
25/015	Utvalet sitt kvarter

25/011: Godkjenning av innkalling

Innkallinga vert godkjent slik den ligg føre.

Rådet for eldre og mennesker med nedsett funksjonsevne 10.06.2025

Handsaming:

Samrøystes

REMF- 25/011 VEDTAK:

Innkallinga vert godkjent slik den ligg føre.

25/012: Godkjenning av sakliste

Saklista vert godkjent slik den ligg føre.

Rådet for eldre og mennesker med nedsett funksjonsevne 10.06.2025

Handsaming:

Samrøystes

REMF- 25/012 VEDTAK:

Saklista vert godkjent slik den ligg føre.

25/013: Godkjenning av protokoll frå førre møte

Protokollen frå førre møte vert godkjent slik den ligg føre.

Rådet for eldre og mennesker med nedsett funksjonsevne 10.06.2025

Handsaming:

Samrøystes

REMF- 25/013 VEDTAK:

Protokollen frå førre møte vart godkjent slik den ligg føre.

25/014: Referat- og orienteringssaker

1. **Kalle inn vara fast, drøfte kven av dei som er vara ein skal kalle inn.**
 - Ikkje handsama.
2. **Drøfte vidare "Vaktmeisterteneste" hjå eldre og andre i heimen. Kan vere ungdomar, spreke eldre osv. Få Julie til å jobbe med dette opp mot frivilligheit eller mot litt godtgjersle frå brukarar.**
 - Julie Einen frå Hyllestad Frivilligsentral vart invitert til å delta i denne saka.
 - Det er vanskeleg å få til noko fast ordning på eit slikt tiltak. Er uforutsigbart og sårbart å basere alt på frivillige, då det ved eventuelt fråvær vil verte ei forventning om at andre skal inn og overta oppgåver. På sommar kan det kanskje vere mogeleg å ha eit samarbeid med ungdom som har sommarjobb i kommunen.

- Elles er det mange russegrupper som tilbyr tenester som stell av hagar o.l. for å tene pengar til russetida. Desse kan kanskje kontaktast? Må kontaktast direkte av dei som ynskjer å nytte tenestene, frivilligsentralen kan ikkje koordinere dette.
- Hyllestad kommune tilbyr mellom anna brukarstyrt personleg assistent, støttekontakt og heimehjelp. Desse kan kanskje hjelpe med å løyse nokre av oppgåvene brukarane strevar med. Det er det mange eldre "ikkje digitale" som ikkje er klare over dette. Vurdere om ein skal lage ein brosjyre med informasjon om desse kommunale tenestene, som kan distribuerast pr. post til alle innbyggjarar over 65 år. Julie og Rune vil be om eit møte med Rolf Horne der dette vert avklart, og fortset med utarbeiding av brosjyre om det vert godkjent av Rolf. Det vert førespegla ei evt. utsending av brosjyre hausten 25.
- Då det er lagt opp til at ein skal bu heime lengre, bør Rådet for rørslehemma gå i lag med andre interesseorganisasjonar i Hyllestad for å utforme eit brev til politikarane/kommunestyret der dei beskriv den økonomiske situasjonen for minstepensjonistar og andre mtp. betaling for desse tenestene. Tenester ein er avhengig av om ein skal kunne bu heime lengre.

3.Drøfte sak 25/004 på nytt.(Komminikasjonen mellom legekontor, sjukehus m.fl. og dei eldre som ikkje er digitale). Rolf Horne skulle undersøke dette og kome attende med resultat.

- Ikkje handsama då Rolf Horne ikkje hadde høve å møte.

4.Ynskjeleg med orientering frå Ordførar om posttenester. Ikkje handsama då ordførar ikkje hadde høve å møte.

- Ikkje handsama då ordførar ikkje hadde høve å møte.

Referat- og orienteringssakene vert tekne til vitande.

Rådet for eldre og mennesker med nedsett funksjonsevne 10.06.2025

Handsaming:

Samrøystes

REMF- 25/014 VEDTAK:

Referat- og orienteringssakene vert tekne til vitande.

25/015: Utvalet sitt kvarter

Rådet for eldre og mennesker med nedsett funksjonsevne 10.06.2025

Handsaming:

REMF- 25/015 VEDTAK: